



# Retningslinjer for tilskot til ABC for god psykisk helse

## Retningslinjer for ordninga

Retningslinjene for ordninga vart vedtatt av kultur- og folkehelseutvalet 18. august 2025, i sak PS 55/25.

Ramma for ordninga er 1 mill. kroner.

## Formål

Ordninga skal støtte lokal og regional bruk av ABC-rammeverket og sette søkelys på verdien av ABC i frivillig sektor. Vi vil bidra til å

- auke kompetanse og bevisstheit i befolkninga, det offentlege og organisasjonslivet om korleis vi kan ta vare på og styrke eigen og andre si psykiske helse.
- spreie kunnskap om aktivitetar som styrker livskvalitet og psykisk helse.
- styrke, legge til rette for og synleggjere regionale og lokale moglegheiter for slik helsefremmande aktivitet.

Ordninga skal i tillegg bidra til å nå måla i planverket til fylkeskommunen.

- [Fylkesplan 2025–2028 \(sjå spesielt mål S-1, IK-4 og IK-1\)](#)
- [Fylkesstrategi for kultur, frivillig sektor og arenaer 2022–2025](#)

## Kven kan söke om støtte?

- Kommunar
- Frivilligsentralar
- Regionale ledd av frivillige lag og organisasjonar

Vi prioriterer söknadar der fleire aktørar samarbeider.



## Kva kan du søke støtte til?

Du kan søke støtte til pilotprosjekt som prøver ut ABC-rammeverket i praksis.

### A) Kommunar og frivilligsentralar (2–4 prosjekt)

Dette kan for eksempel vere:

- utvikling av frivilligstrategi
- møteplassar og aktivitetar
- betre kontakt med frivillige

### B) Regionale frivillige organisasjonar (2–4 prosjekt)

- rekruttering og inkludering av frivillige
- bevisstgjering og synleggjering av ABC-arbeid
- bruk av ABC-verktøy
- vere ambassadørar for ABC ut over eigen organisasjon

De kan søke om fullfinansiering av piloten, men samarbeid og eigeninnsats vil bli vektlagt. Minimumsbeløp de kan søke om er 50 000 kroner og maksimumsbeløp er 300 000 kroner.

Prosjektet må vere ferdig innan 1. november 2026.

## Kva blir det ikkje gitt støtte til?

I denne ordninga kan du ikkje få støtte til

- ordinær drift
- deltakaravgift, reise eller opphold knytt til seminar, utdanning eller studieturar
- kjøp av utstyr

## Søknadsfrist

1. oktober 2025

## Dette må søknaden din innehalde

Søknad skal leverast elektronisk og skal innehalde:



- Fyldig omtale av piloten
- Framdriftsplan for arbeidet, med tidslinje. [Du kan finne malar som du kan ta utgangspunkt i på nettsida vår.](#)
- Budsjett med finansieringsplan (forventa inntekter og utgifter)
- Kontaktinformasjon til ansvarleg prosjektleiar for piloten

## Slik prioriterer vi kven som får støtte

Søknadane blir vurdert og prioritert etter desse kriteria:

1. **Måloppnåing:** I kva grad søknaden svarar på måla for ordninga og mål i regionalt planverk.
2. **Samarbeid:** Om prosjektet inneber eit samarbeid mellom kommunar, frivilligsentralar og/eller eit regionalt ledd av frivillige organisasjonar, og om det stimulerer til tverrfagleg samarbeid.
3. **Kvalitet:** Vurdering av innhald og aktivitetar med tanke på kvalitet og relevans.
4. **Samspel på tvers:** Om prosjektet koplar saman aktørar og fremmer samarbeid på tvers av fagområde og sektorar.
5. **Gjennomføringsevne:** Kapasitet og evne til å gjennomføre som planlagt.
6. **Utprøving og metodevariasjon:** Det vil vere fleire måtar å løyse ei oppgåve på. Vi vil prioritere ulike utprøvingar og metodar.
7. **Eigeninnsats og samarbeid:** Det er ikkje krav om eigenfinansiering i ordninga, men vi prioriterer søknadar som viser aktiv eigeninnsats og samarbeid.

Ideelle og religiøse organisasjonar som søker om støtte skal likestilsta.

For å fremme tilgjengeleghet og inkludering oppfordrar vi alle søkerar til å bruke prinsippa om universell utforming. Da kan prosjekt og tiltak vere tilgjengelege for alle deltarar uavhengig av fysiske eller kognitive forutsetningar.

## Saksbehandling

Kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune behandler søknaden din utan ugrunna opphald. Etter at søknaden er behandla vil du få svar på søknaden din skriftleg. I tildelingsbrevet finn du opplysningar om tildelt sum og kva vilkår som må vere oppfylte før du kan få støtta utbetalt. I avslagsbrevet finn du grunnlag for avslaget.



Vi behandler ikke søknader som er ufullstendige og som ikke gir nok informasjon om prosjektet.

## Vilkår for tildeling

Vanlegvis utbetalast 75 prosent av tilskotet ved tildeling og resten etter at rapporten og prosjektrekneskapet er levert.

Tilskotet skal brukast innan 1. november 2026.

### 1. Du må dele erfaringane dine

Prosjektet skal bidra til felles læring og utvikling. Du må dele erfaringane dine med fylkeskommunen og andre relevante aktørar. Prosjektet skal kunne ta ei ambassadørrolle ved å vise fram metodar og løysingar som kan vere nyttige for andre.

### 2. Du må seie ifrå om endringar

Piloten må gjennomførast slik det er søkt om og i tråd med grunngivinga i vedtaket. Viss det er nødvendig å gjere endringar må du avklare det med fylkeskommunen på førehand. Viss tiltaket ikkje gjennomførast som planlagt, eller kostnadene blir lågare enn budsjettet, kan støtta bli redusert.

### 3. Du må rapportere og føre rekneskap for prosjektet

Rapporten skal blant anna gjere greie for gjennomføringa av prosjektet i forhold til søknaden. Rekneskapen skal vise korleis støtta er brukt og settast opp slik at det kan samanliknast med budsjettet du sendte i søknaden. Støtta frå fylkeskommunen skal spesifiserast i prosjektrekneskapen.

Dersom rapporten viser at den reviderte rekneskapen er lågare enn budsjettet, blir tilskotet avkorta.



#### **4. Du må få sluttrapporteringa godkjent for å få utbetalt siste del av støtta**

For å få utbetalt dei siste 25 prosentane av tildelinga di, må du sende inn sluttrapport.

Når saksbehandlar har godkjent rapporten din, blir det gjenståande beløpet betalt ut. Du må sende rapport seinast tre månader etter at arrangementet er gjennomført.

Har du ikkje rapportert, og på den måte bedt om å få den siste delen av støtta di utbetalt, vil den falle vekk **31. desember 2026**.

Rapport og rekneskap skal sendast inn elektronisk via fylkeskommunen sitt rapporteringsskjema, innan tre månader etter at prosjektet er ferdig og **seinast 31. desember 2026**.

Rapporteringsskjema finn du via denne lenka: <https://dialog.mrfylke.no/dialogue/>

#### **5. Du må synleggjere støtta du får**

Støtta frå fylkeskommunen skal synleggjerast ved marknadsføring. Det skal òg komme fram i årsmelding og eigen post i rekneskapen at det er mottatt tilskot frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

#### **Viss du ikkje følger vilkåra**

Har du gitt ufullstendige eller feilaktige opplysingar i søknaden din, kan vi krevje at du må betale tilbake heile, eller delar av, støtta. Dersom vi ved ein feil utbetaler for mykje, skal det som er utbetalt for mykje betalast tilbake.

Ved hjelp av rapporten du leverer vil vi kontrollere at vilkåra er følgt, og du må gi alle nødvendige opplysingar for at fylkeskommunen kan gjennomføre denne sjekken. I tillegg vil det bli gjort tilfeldige utvida stikkontrollar blant dei som har fått støtte i ordninga.

#### **Du har ikkje rett til å klage**

Denne tilskotsordninga er ikkje ei fast ordning og vedtak i denne ordninga er dermed ikkje eit enkeltvedtak ifølge forvaltningslova § 28. Det betyr at du ikkje kan klage på vedtaket.



## Ei presisering om kulturtildskot

Kulturtildskot er ei moglegheit for støtte til gode prosjekt, men ikkje ei garanti. Tildelinga skjer ut frå fastsette retningslinjer, krav og prioriteringar, som er opne og tilgjengelege for alle.

Tildskotsmidlane er avgrensa, og det kjem ofte fleire søknadar enn det er midlar til. Derfor vurderer fylkeskommunen søknadane etter ei heilskapleg skjønnsutøving. Sjølv søknadar som oppfyller alle krava, kan få avslag eller ein lågare sum enn søkt beløp.